

KYRKJEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 112

Kjem ut
kvar måned

Desember 1939

Utgjevar og redaktør:
Prost Slaattelid
Davik

10. årg.




Julebudskapet.

Aldri før og aldri siden
kom der et budskap stort som dette:
her var mø som dog var moder,
her var Gud som dog var menneske.
Luften sang om den nye konge,
hyrder over markene ilte,
himlen skjenket jorden sitt eie,
engler vandret på menneskers veie.

Mektige drottin! Mennesketanker
møtes, engstes, når de vandrer
over ditt veldes vide veie, —
alle våre mål må svikte.
Evig på hjertenes lovsang du troner,
fra dine hellige skaperhender
bølger lysets seiersflamme!
Riker synker, ditt er det samme!

Eysteinn Ásgrímsson.



Rom for Jesus.

Det var Gud som kom til menneskja den fyrste jolenatta. Han kom med frelse og ævelegt liv. Og i himmelen, hjå Guds englar, var det rørsle og lovsong. Men på jorda hjå menneskja, var det ro og likesæle. Det var berre nokre få som visste um det og brydde seg um det, og desse få var ringe og ukjende. Verda, den store, mektige verda gjekk sin gong som um ingenting hadde hendt. Livet i det veldige romerske rike gjekk vidare som fyrr, i jaget etter makt og pengar og moro, i arbeid og lyst og lidning. Menneskja visste ikkje um det store og avgjerrande som var hendt; dei brydde seg ikkje um det.

No er det gått 1900 år. Jesus Kristus er ikkje lenger ukjend som då. 600 millionar er kalla kristne etter hans namn, og jol held dei utover heile jorda. No veit verda um han. Men likevel: Bryr verda seg um han, gjev dei verkeleg plass for Jesus? Aldri har verda vore so storfelt og veldig som no; vårt 20. hundradår. Aldri har den ytre sivilisasjon stade so lysande og fortrollande som i vår tid. Aldri nådde menneskja so langt i makt og herlegdom som i våre dagar. Aldri har Babels tårn lyft seg so høgt mot himmelen. Men korleis stiller verda seg til han som kom i jola? Er det ikkje no som då? Den har ikkje rom for han, den stengjer han ute, den bryr seg ikkje um han. Verda går sin gong og Jesus har den ikkje bruk for. Der er det makta som råder, og han tala um kjærleiken. Der er det sjølvhugen som råder, og han tala um å tena. Der er det Mammon

som er det største, og han tala um Gud. Der er det denne verda si glede dei søkjer, og han tala um det ævelege liv. »Gud vart menneskje,« seier hans evangelium. »Menneskjet er Gud,« — det er verda sin bodskap.

Det var berre nokre få som tok imot Jesus, Guds son, då han kom, og dei var ringe og ukjende. Det var jomfru Maria og Josef, dei fatige gjatarane frå Betlehem, vismennene frå Austerland. Soleis den dag i dag. Verda går sin veg. Men der er nokre som tek imot han som er komen. Det er dei ringe og audmjuke, for endå um dei *er* noko etter menneskjetankar, so må dei verta små og hjelpe-lause i seg sjøve for å kunne gjeva rom for Gud. Dei tek imot den store jolegjesten frå himmelen på same måten som den vesle flokken i Betlehem.

Dei tek imot han i *tru*. Jomfru Maria og Josef, hyrdingane, vismennene — dei trudde på Jesus. Soleis og idag. Det er i tru at ein kan finna fram til Jesus; hjå den som trur berre kan finna rom og gjera si gjer-ning. »Tru, so skal du få sjå Guds herleg-dom.« Tru på Gud, tru på hans ord, bøyg deg for det, ta imot det, slepp det inn i hjarta ditt, bed Gud vekkja i deg viljen til å tru, bed Gud alltid: Gjev meg meir tru, — då er det at Jesus kan få koma til deg, inn i ditt liv. For det er vantrua som stengjer for Jesus.

Dei tok og imot Jesus i *lydnad*. Maria sa: »Eg er Herrens tenestkvinne«. Herrens vilje var hennar vilje. Hyrdingane skunda seg til Betlehem; dei var lydige. Og vismennene, dei reiste straks då Gud gav dei teiknet; dei lydte. Tru og lydnad høyrde ihop hjå alle desse. Det same må gjelda for deg. Trur du på Gud, må du lyda Gud. Lydnaden er vegen som fører til Jesus. Til den som vil gjera Guds vilje, kan Jesus koma. Ulydnad hindrar han å koma. Den gjer hjarta hardt og kaldt, fyllt av deg sjølv og din eigen vilje, so der ikkje vert rom for Gud.

Og endeleg: Dei tok imot Jesus i *glede*. Den heilage jomfru song sitt lovkvæde til Gud, fullt av fryd og jubel. Hyrdingane lova og prisa Gud for det dei hadde høyrte og set. Og vismennene: då dei såg stjerna, »vart dei so glade at dei aldri hadde vore so glade«. Den som i tru og lydnad tek i

mot Jesus, han vil få ein stor og still glede i si sjel. Livet er fullt av ståk og uro. Den som Jesus er komen til, han eig forlating for si synd, han er i Guds hand, han har fred i si sjel, hjartefreden, Guds fred. Han går med Jesus kvar han går, han går til himlen kvar han går.

Gud hjelpe oss i nåde, at vi må la Jesus koma til oss, at vi må tru og lyda. Då vil vi eiga den rette jolegleder; då vert det jol i våre hjarto. Amen. R. S.

Vidnesbyrd.

1. Den franske dikter Francois Coppée avlegger i sin levnetsbeskrivelse følgende bekjennelse:

Det var en tid da jeg ved det blotte ord »under« foraktelig trakk på skuldrene. Nu derimot sier jeg til mig selv: »Gis der et allmechtig vesen, som er skaper av både de usynlige og synlige ting, så må han være uendelig høit ophøiet over alle disse ting som han har frembragt og gitt liv og ånde, og da kan intet under være umulig for ham.« Idag er jeg ikke mere så anmassende å be-nekte denne klare sannhet.

Der kom nemlig en tid som syntes å være den siste for mig. Jeg trodde da at mitt sykeleie også skulde bli mitt dødsleie, og jeg så allerede ned i min egen grav. Da grep lengselen efter troen på et evig liv mig med en veldig makt, og da begynte jeg å lese i evangeliet som aldri før. Nu leste jeg med et barnlig og opriktig hjerte, og på enhver side og i ethvert ord så jeg sannhetens glans.

Derfor kunde heller intet holde mig fra å tro på virkeligheten av de under som evange-listene så klart og i mange enkeltheter har optegnet for oss. Ja, Jesus gav de blinde synet og de døde livet. På sin korte gang her i denne verden utstrødde han alle disse velsignelser for dermed å bevise at han i sannhet var Guds sønn.

Troen på ham er det håp hvorpå jeg bygger, og jeg vet at den skal vokse sig sterkere og kraftigere og vare inntil mitt livs ende.« (»Signal«).

*

2. Blandt general G. von Viebahn's efter-latte papirer var en skrivelse til hans sønn, hvori han ber ham lese følgende avskjedsord ved hans kiste:

»Når disse ord leses, er jeg hos Herren. Mine øine skuer ham som har elsket mig og båret syndenes forbandelse for min skyld. I hans blod er jeg, syndige menneske, tvettet ren for enhver flekk. Som Guds barn og arving går jeg inn til den evige herlighet. Jeg priser min frelsers nåde og kjærlighet. Han har gjort alle ting vel. Hans ømme, vidunderlige kjærlighet har alltid vært den samme. Jeg bevidner at Herren lot mig bokstavelig få oppleve oppfyllelsen av alt det som skriften stiller Guds barn i utsikt, tross min utroskap og mine feiltrin har han ikke forkastet mig, men båret over med mig i sin guddommelige trofasthet og utrettelige kjærlighet. Hans makt og nåde har bevart mig på troens vei. Han vernet mig mot mine fiender. Han hørte min bønn. Han kronet min strid med seier. Ham være pris og ære nu og i all evighet! Til alle som ennå ikke kjenner ham som sin frelser, vil jeg rope: Kom til Jesus, da skal I finne det som eders hjerter tørster etter!«

*

3. Den 16. november 1891 fant man kommandant Apfel, høi offiser, ridder av Æreslegionen, av religion protestantisk kristen, sittende i sin lenestol i sitt hjem i Verstillen med dagens avis i hånden, rammet av slag, plutselig død.

Ved åpningen av hans testamente, datert den 1. februar 1883, viste det sig at det hadde en ganske merkelig innledning. Det blev på begravellesdagen lest ved hans bære og gjorde et mektig inntrykk på tilhørerne.

Der stod:

»Våk og hold eder alltid ferdig, for I vet ikke når eders Herre kan komme. — Gud lar mennesket vende tilbake til støv, og han sier: Menneskebarn, vend tilbake! — Jeg priser Herrens nåde fordi han har forvissnet mig om mine synders tilgivelse og om mitt barnekår i Jesus Kristus som er død for mine synder og opreist til min rettferdiggjørelse. Frelst av nåde, ved troen, ved Guds ufor-skyldte gave, se, det er min lodd for evighet. — Min vilje er at min jordeferd skal skje på den enkleste måte. At der ikke må bli vist militær honnør. At den forrettende prest ikke taler om mig, men at han stiller de tilstedeværende overfor døden og for-

maner dem til å få sitt gudsforhold bragt i orden.«

*

4. Georges Clemenceau, fransk minister-president og en av Versaillesstraktatens fedre, som hele sitt liv hadde vært ateist og fritenker, skrev kort før sin død i 1929 til sin venn Hervé følgende brev:

»Kjære venn! Jeg forlater snart denne verden. Du vet at jeg hele mitt liv har spottet religionen, og således gjør hele min republikanske samtid. Jeg er nu blitt overbevist om at det er umulig å bygge op en samfundsordning på vantro. Var jeg tidligere kommet til forståelse derav, vilde jeg uten frykt for hån trådt i bresjen for dette, således som du gjør. Jeg gir dig full rett til å offentliggjøre mitt testamente til lærdom for den unge generasjon. Jeg har lettet min samvittighet.«

Denne bekjennelse av en av det siste halvsekels største statsmenn i Europa burde vekke den mest forherdede. Overfor evigheten omvurderes alle verdier, også statsmannens, kynikerens og fornekerens. Clemenceau våknet for sent til at han kunde rette sitt livs største misgrep; men som den store ånd han var, erkjente han det. Dertil gav han sin venn Hervé bemyndigelse til å offentliggjøre sitt testamente til lærdom for den unge generasjon.

Begivenhetene rundt omkring oss i verden idag er den tunge, ulykkebringende dødsringning over den politikk som statsmennene av idag i likhet med Clemenceau fører. — Slekten holder på å høste fruktene av vantroens og gudløshetens dragesed i politikk, kultur og religion.

*

5. Den verdensberømte franske forfatter Emile Zola skrev til en venn kort før sin død:

»Jeg har vært en ivrig fritenker; d. v. s. jeg har aldri trodd på noe annet enn den håndgripelige materie, om jeg så skal si. Nu begynner jeg å kjenne svakheten i en sådan religion, likesom jeg tydelig ser og kjenner at den ikke duer for Frankrike. Jeg tror nu at intet annet kan redde oss alle enn en tilbakevenden til kristendommen og det evangelium som er skjenket til fattige og rike, lærde og ulærde.«

*

6. Da den kjente opdagelsesreisende David Livingstone for mange år siden stod på plattformen i universitetet i Glasgow for å motta æresgraden som dr. juris, var studentenes øine interessert rettet mot denne mann som i 16 år hadde arbeidet som misjonær i Afrika. Det som grep studentene mest ved denne anledning, var da Livingstone fortalte hvad det var som hadde gitt ham kraft til denne lange arbeidsdag, og som også gav ham mot til atter å vende tilbake. Kraften fant han i Mesterens ord i Bibelen: »Se, jeg er med eder alle dager inntil verdens ende.«



Våre døde.

6. okt.: Oline Andersdtr. Ervik, gbr.enkje; f. 1867 i Kjøllesdal; nyresjukdom.
7. nov.: Janika Jakobsdtr. Åland, Hessevik; kår-enkje; f. 1869 i Hessevik; hjertesjukdom.

**Tiden sakte lister sig,
glasset rinner, stanser ei.
Døden oss i helen går,
evigheten forestår.**

Prest og naturgranskar.

I den store norske litteraturhistorie som professorane Bull og Paasche har gjeve ut, er der i det andre bandet nemnt 3 forfattarar som alle var sokneprestar i Davik. Det er Thomas Georg Krog, Jens Andreas Krogh og så sjølv sagt Claus Frimann. Det er vel eit nokså sjeldsynt tilfelle at der i eit lite landsens prestekall sit tre prestar etter kvar andre som gjer seg fortent til å nemnast i boksoga så lang tid etterpå. — Vi skal her fortelja litt om den andre av dei, Jens Andreas Krogh.

Han var fødd i Bergen i 1740 der faren, Thomas Georg Krog, då var personellkapellan ved Krosskyrkja. I 1741 vart faren utnemnd til sokneprest i Davik, som i 1740 vart eige sokneprestembete; før var det residerende kapellani under Eid. I prestegarden i Davik vaks då Jens Andreas op. Faren var ein dugande mann med mange slags interesser. Han omsette Holbergs sjølvbiografi frå latin til dansk og gav ut fleire skrifter om praktiske emne, om skipsfart, om fiskeri, om å skipa ein kjøpstad i Nordland.

Likeins »en Betragtning over den i Norge stærkt grasserende Spedalskhed«. Han har såleis vore borti litt av kvart. Sonen fortel at på prestegarden hadde han ei tid eit hjortepar; dei var så tame som noko husdyr, men dei laut slaktast før dei fekk ungar »formedelst den Skade de gjorde paa Agrene«. Eingong hadde han og ein tam sjøoter »der ofte forsynede Kjøkkenet med Fisk, og, skjønt han ofte kunde nogle Dage være borte, kom dog altid tilhuse igjen og naar han vilde ind, skrabede paa Døren, ligesom en Hund«.

Då Jens Andreas Krogh hadde teke embetseksamen, vart han i 1766 personellkapellan hjå presten Hans Strøm i Volda. Han var ein god og dugande prest, men og ein namngjeten vitenskapsmann. Han var kjend i heile Europa for sine granskingar og opdagingar i botanikk, zoologi, mineralogi, meteorologi og medisin. Han gav ut ein »Søndmøres Beskrivelse«, ei inngående skildring av natur og folkeliv på Sunnmøre der han var fødd og arbeidde som prest i 29 år. J. A. Krogh hadde vel alt hjå faren fått interesse for naturvitenskapen. Og i Strøm fekk han no ein framifrå lærar i dei 3 åra han var kapellan hjå han. Og liksom meisteren hadde skildra Sunnmøre, såleis sette læresveinen seg føre å gjeva ei skildring av sin heimstad, Nordfjord. Han vart sokneprest i Davik etter faren, og prost i Nordfjord, men flytte så i 1780 til Bergen, då han vart utnemnd til sokneprest i Nykyrkja. Her døydde han alt i 1783, berre 43 år gamal. Enkja, Birgitte Margrethe, dotter til prost Gabriel Heiberg i Gloppen, sat att i små kår med 10 born.

Krogh hadde arbeidd mykje med sin Beskrivelse over Nordfjord. Den skulle ha vore hans livs store verk, men berre sume stykke hadde han fått ferdige, då han døydde i så ung alder. Det var eit stort tap at han ikkje fekk fullføre planen. Mange kunnige menn som fekk sjå igjennom dei manuskript han let etter seg, gav arbeidet sterke lovord. Derfor kjøpte det Topografiske Selskab det og betalte enkja 20 riksdalar for det. Men fyrst i 1813 vart det som var nokolunde ferdigt, utgjeve av Selskabet til Norges Vel i Topografisk-Statistiske Samlinger. — Dei stykke som vart prenta var: 1. Nordfjords almindelige og besynderlige Geographie, alminde-

lige Beskaffenhed, ældre og yngre Indretning med Viden hertil hørende. 2. Nogle Iagttagelser om Nordfjords Dyr. 3. Om Fuglene. 4. Om Fiskene. 5. Bemærkninger over Nordfjords Væxter.

I desse stykke av det store verket som han hadde i emning, gjev Krogh eit bilete av seg sjølv som naturgranskar. Med levande interesse har han studert naturen: klima, dyreliv og planteliv. Det ser ut til at han har byrja alt i sin tidlege ungdom; venteleg har faren størt han til. Han legg nøgje merke til meteorologiske fenomen og veret. Frå 1763 til 1780 har han notert 6 jordskjelv. Lyn meinar han er »visse omkring oss i Luftten svævende svovelagtige og salpeteragtige Dunster der ved visse Luftens Forandringer kommer i Gjæring og antendes«. Han har fleire gonger merkt seg at når lyn er kvite, held uveret fram, men når dei er raudlege vil ruskeveret snart leggja seg. Stjernerap rekna folk for å vera eit varsel om sudlig storm. Såleis såg han i oktober 1771 ei sneis stjernerap i 2 timar, og det vart storm i 3 viker etterpå. Joledag 1767 kl. 4 om morgonen såg han det fænomen som ein kallar for »himmelens åpning« eller *chasma*. Der var eit ljøs midt på himmelen og det såg ut som om den rivna eller vart opplaten som når to dører fell frå kvarandre. Han har og lagt merke til det ein kallar for »solhovud«, ei eller to ljøskuler som fylgjer sola, og han gjev ei utførleg skildring av det same luftsyn for månen sitt vedkomande. Nordljøset skriv han mykje om »etter nogle Aars bestandig Agtpaagivenhed«. All tid har han havt augo med seg. Han har og reist i heile Nordfjord for å samla opplysningar om dyr, fiskar og planter. Han ser ut til å ha havt ei samling av utstoppa fuglar. Han reknar opp 340 nordfjordske plantenamn. Han har vore på Skarvenyken utmed havet for å finna planter, på Svarte-Kari i Vereide sokn, på Kyrkjennipa i Stryn, på Dauremålsfjellet i Davik. Like frå Stadtlandet og til Innvik har han vore på granskarferd. Og folket i prestegjeldet visste om kor forviten han var om alt slikt og hjelpte til. Når dei finn noko rart, så kjem dei til han med det. På Oldeide fanga dei ein stor sverdfisk, som er svært sjeldan på våre kantar. »Sverdet« kom dei til Krogh med. Han gav det til biskop Arentz

som og var interessert for naturvitskap og hadde ei samling av slike raritetar. Det vart funne ein småtorsk med ein merkeleg rund og oval hovudskalle, så det framme såg ut som ei panne; folk meinte det måtte vera »torskekongen« og kom til presten med han. Ein annan kom med ein torsk som hadde ein pukkel på nasa. Atter ein annan viser han trollkattespy på ei plante; folk trudde at det var spy av »et visst Slags forhexede Katte« som trollmenn og trollkjerringer hadde i si teneste for å gjera skade på andre sine krøter. Ein gong fekk han og sjå Drogspy, oppspytt av »et indbildt Væsen fra Havet, kaldet Drog«; den som fyrst får sjå det, er feig, sa folk. Om fisket skriv han mykje og fortel om korleis det hadde gått i perioder. Sidan 1750 hadde det t. d. ikkje vore vårsild. I samheng med fiskane skriv han og om »havuhyrer«, *monstra marina*, på latin. Han er ikkje sjølv viss på om det verkeleg finst slike, men har spurt seg nøgje føre hjå folk. Mange påstår at dei har sett sjøormen, men dei fleste har teke røminga utan å granska saka nøgnare. Nokre var eingong så modige at dei rodde nærmare, og då syntte det seg at det var ein flokk med størjer som sumde i rad, den eine etter den andre. Eingong såg Krogh sjølv noko som rorskarane meinte var sjøormen. Han heldt nærmare med båten, og då var det småflokkar av makrel som gjekk i rekkje. Han er som ekte vitskapsmann varsam, og vil korkje nekta eller påstå at sjøormen er til. Om havmannen og marmælen har fiskarane mykje å fortelja. Men endå han har spurt nøgje etter, har han ikkje fått nokon »tilforladelig Underretning« frå slike som sjølve har sett den, og difor finn han det rettast å gå den forbi »med Stiltienhed«. Derimot er det mange truverdige menn som forsikrar at dei ute på havet har sett det dei kallar for krake, humretust og åletust. Kraken er 100 famner i omkrins, dei to andre 20—30 famner, og opp på ser ein nokre lemer som røyrrer på seg. Dei som har sett dei, har alltid rømt sin veg. Krogh gissar på at det kanskje kan vera eit slag store ukjende krosstroll, men han legg til: »Det er ikke umulig, men heller ikke bevist.«

(Framh.).

Notisar.

»Julebudskapet« på fyrste sida er frå diktet «Lilja», skrive av den islendske munken Eysteinn Ásgrímsson i det 14. hundradåret. Det er omsett frå gamalnorsk av professor Paasche.

Døypete: 22. okt. Johannes Ragnar, f. 28. juli av f. Johan Johannesson Hundeide, Levdalsbakke, og k. Marta Rasmusdtr. (f. Kvernevik). — S. d. Bern Peder, f. 6. sept. av f. Kristen Pedersson Midthjell og k. Emma Berntsdtr. (f. Kvernevik). — S. d. Karen, f. 2. sept. av f. Hans Kristiansson Daviknes og k. Ingeborg Johansdtr. (f. Bakke). — 29. okt. Nelly Oddny, f. 28. juli av f. Ragnvald Berntsson Furnes og k. Margit Hansdtr. (f. Varpe). — 3. nov. Anders, f. 27. sept. av f. Hans Andreasson Dombestein, Ekornbakke, og k. Anna Andersdtr. (f. Isene). — 12. nov. Jostein Dag, f. 13. aug. av f. Harald Kristofersson Rutledal, Homborstad, og k. Dagny Johansdtr. (f. Kvalheim). — S. d. Kåre Martin, f. 7. aug. av f. Matias Severinsson Kriken, Maurstad, og k. Johanne Kristensdtr. (f. Bortne).

Ektevigde: 14. okt. i Volda, Karl Pedersson Tømmerstøl og Edit Andreasdtr. Lefdal. — 21. okt. i Flora, Andreas Monsson Venøy, Selje, og Målfrid Henriksdtr. Gjesdal. — 26. okt. i Oppstryn, Bernhard Ingebrigtsson Bortne og Pernille Olsdtr. Roset, Stryn. — 28. okt. i Sør-Vågsøy, Fritjof Jakobsen, Davik, og Alice Andreasdtr. Vedvik. Nord-Vågsøy.

Basarar. Davik 1. nov. kr. 235.84, derav 109.32 til Indremisjonen, resten til heidningmisjonen. — Levdal 17. nov. kr. 64.46 til Santalmisjonen. — Maurstad barnefråhaldslag 21. okt. kr. 94.14 til fråhaldsarbeidet.

Til sjukerøktlaget kom inn: Maiblomar: Leirgulen 5 kr., Reksnes 6. Oldeide 5, Rimstad 12. Endal 8. — Basarar: Husevåg 50, Kjølssdal 215, Rimstad 160,15. — Medlemspengar: Rimstad 28, Maurstad 1.

Den nye provstihjelpepresten, Absalon Holme frå Hyen, vart ordinert i Bergen 19. nov. og tok til med arbeidet her i Nordfjord 26. nov. Han er fødd i 1908 og tok embetseksamen våren 1937 med Laud og praktisk-teologisk eksamen våren 1938 med same karakter. — Den tidlegare hjelpepresten, Kvåle, slutta 1. sept. og arbeider no i det Norske Misjonsselskap.

Davik sokneråd har valt oppatt prosten til formann, lærar Aardalsbakke til varaformann, R. P. Daviknes til kassarar, klokkar Daviknes og H. H. Hamre til revisorar. I møtet 14. nov. var førehatt eit brev frå sjukerøktlaget om innføring av serkalkar ved nattverden. Det vart pålagt formannen å koma med ei nærmare utgreiing om kostnaden m. v. i neste møte. — Det vart fastsett desse ofringar i 1940: I pasken til sjukerøktlaget, i pinsen til heidningmisjonen, i jola til prostihjelpepresten. — Det vart vedteke framlegg til instruks for klokkaren i Davik etter den nye klokkarlova som er sett i kraft frå 1. januar 1940.

Frk. Agnes Eide har som før meldt gjeve disk og kalk m. v. til Kjølssdal kapell. Gåva er no koma og er sers vakkert utført av gullsmedforretninga Th. Olsens Efterfølger, Bergen. Kostnaden er ikr. 640 kr. Med gåva fylgde dette brevet: »Kjære Kjølssdal menighet. Der er sendt eder — ved hr. prost Slaattelid — kalk, disk, mugge og oblat-eske i sølv, som jeg ber dere motta til minne om mine pleieføldre, for alteret i eders nye kirke. Der er sikkert mange blandt eder som er døpt, konfirmert eller viet av Far, og I vil nok alle ha hatt inntrykk av hans kjærighet til folk og natur i Davik prestegjeld, — en kjærighet som jeg vet fulgte ham til hans siste stund. Der er neppe mange der minnes mig personlig, men jeg sender mine beste ønsker for kirken og bygden, og kan forsikre eder alle at det er mig en stor glede å kunne sende denne gave, der vil minne eder om de to som ikke lenger er blandt oss.

Eders hengivne Agnes J. Eide.«

Der trengst no m. a. to pene ljosestakar til altaret. Er der ikkje nokon som har evne og vilje til å gjeva dei til kapellet, som eit minne om nokre av sine kjære som no er vandra bort?

For 100 år sidan. Vigde: 29. des. 1839 Peder Oreim, son til Tollef Pedersen, 23 år, og Christi Thoreim, dtr. til Ole Ellefsen, 18 år. — Døde: 2. des. Mari Rasmusdtr. Nygaard, gårdmannskone. 69 år. — 1. des. Simon Olsen Møchlebust, Alfot, tjenestekar, 56 år. — 1. des. Malene Andersdtr. Hestevig, gårdmannskone, 79 år. — 15. des. Lisebeth Erichsdtr. Brunsvig, gårdmannskone, 81 år. 20. des. Jacob Jacobsen Verpeide, gårdmann, 46 år. — 26. des. Noe Jensen Angelshaug, gårdmann, 40 år (fødested: Hellenen). — 11. des. Ingeborg Mattisdtr. Maurstad, kårkone, 71 år. — 25. des. Mons Antonsen Klubben, tjener, 44 år. — I 1839 døydde i prestegjeldet 27 born under 5 år. —

Omkomne på sjøen. (Framhald): 1. okt. 1842 Mons Monssen Isene den Yngre, gårdmann, 34 år. »Druknet. Ikke gjenfundne.« — 8. mai 1843: Nils Rasmusen Tyttingvog, tjener, 26 år; Christian Larsen Tyttingvog, 22 år; Martinus Martinussen Tyttingvog, 23 år, (født i Teigen, Innvik). »Omkomne på Sjøen, men ei igjenfundne.« — 18. jan. 1843: Ole Abbelsen Humborstad, gårdmann, 49 år, Simon Olsen Humborstad, gårdm., 52 år, (født: Gjeidhammer), Ole Jenssen Humborstad, gårdm., 24 år, (født: Aardal), Lars Jenssen Aardahl, tjenestekar, 21 år, Joseph Reielson Almending, tjenestekar, 22 år. »Omkomne paa Sjøen uden at være gjenfundne.« — 14. des. 1843: Abel Christophersen Kjølssdal, gårdm., 47 år. »Druknet.« — 11. mars 1844: Ulrik Augustinussen Elde, gårdm., 50 år. Rasmus Augustinussen Rødeggan, gårdm., 38 år. »Disse 2 druknede. Ligene gjenfandtes ei.« — 11. juli 1844: Husmann Ole Olsen Berle, Ødegaard, 40 år. »Omkom på Sjøen og først i August gjenfundne.« — 30. okt. 1845: Christian Jacobsen Tyttingvaag, 18 år. »Omkom på Sjøen i en Storm.« 2. mars 1846: Husmann Waldemar Johnsen Maurstadbakke, 30 år. »Omkom paa Sjøen, ikke igjen-

funden. — 30. april 1846: Gårdmanns sønn Michael Olsen Engelstad, 14 år. »Omkom ved at kuldseile paa Isefjorden, er ikke gjenfunden.« — 19. juni 1846: Rasmus Monsen Ytre Davig, 10½ ar. »Omkom paa Sjøen, gjenfunden og begravet.« — 13. juni 1847: Kårmann Anders Jetmundsen Øvre-Mjøhlebus, 77 år. Gårdmanns sønn Jetmund Olsen Øvre-Mjøhlebus, 14 år. »Omkom paa Sjøen.«

Gudstenester:

4. sund. i advent,	24. des.: Totland.
1. jøledag,	25. des.: Davik.
2. jøledag,	26. des.: Rugsund.
Sundag etter jøl,	31. des.: Ålfot.
Nyarsdag,	1. jan.: Totland.
Kristi openb. sund.	7. jan.: Davik.
1. sund. etter Kr. openb.,	14. jan.: Rugsund.
2. —»—	21. jan.: Ålfot.

I jøla skal det vera ofring i Davik til prostihjelpen, i Rugsund, Totland og Ålfot til sjukerøktlaget.

Kvittering for kontingent: Alfred Lund, Johannes Midtbø, Kristian Daviknes, Marta Isene kr. 2.50. — Rasmus Lefdalsnes 5. — Lars J. Ytreeide, Marie H. Bakke 3. — Valborg Sårheim, Jenny Brun Larsen, Anna Sølvberg, Peder Åse, Jonas Askeland 2. Marie Loen 1. — Johan Torheim 6. — Tils. 38 kr.

Hjarteleg takk til alle.

Dikte av Claus Frimann.

22. Udsigt fra Hornelen.

(Brudstykke av diktet om Hornelen).

Hornelens Skulder jeg har under mine Fødder,
O hvilken Skueplads! — hvor stor al Vesten om
Landstrækningen jeg seer! — Fra mig til Bjergets
Rødder,
Hvad Afgrund er ei det! — og Havet hvilket Rum!
O Himmel, er saa stor enhver af disse Dele,
Hvad er da Hvelvingen som gaaer omkring det Hele!

Her hænge Høiene, og kaste brunblaa Skygge
Paa lysgrøn Eng, hist gaaer af Lyng et rødtlig Skjer;
Her spiller Solens Guld paa nøgne Bjerger-Rygge
Og klæder dem med Glans, klart rinder Sølvet der;
Hist stolte Fyrreskov gaaer hen i lange Rader,
Ildtil blandt Bjergene mit Øie den forlader.

Jeg seer herfra, hvad Rum! hen over hine Bjerger,
Hvis sortblaae Toppe langt som store Bølger gaae.
De længst bortliggende kun vise sig som Dverger
Endeel der fjernt og nær med høide Isse staae,
Beholde Vinteren længst som de den først modtage,
Og skjules end med Sne i Somrens hede Dage.

Nu Sjøen heromkring — for vinden nu hvor rolig!
Hver Skye har Himlen rømt, og Solen straalr mild,
Hvert Havdyr skynder sig op fra sin mørke Bolig,
At skue glad dens Lys, at quæges ved dens Ild;
Det glatte Marsvin tit sig tumlende opskyder.
Mens paa det stille Vand guldhåret Sælhund flyder.

Jeg seer mod Vesten ud, — det gaaer en Rad af
Jagte,
Med Havets Rigdom de forlod det fjerne Nord.
I deres høie Seil, mens Vinden puster sagte,
Til Lyst gaaer Folket op paa de høilagte Bord;
De staute Lirer frisk med Huldre-Slotter klinge
Og lett de muntre Mænd i Dands hinanden svinge.

Hvor Vester-Havet sig ind mod det Faste strekker,
Adspredte Lande kun mit Øie festes paa;
Et viser Albuen, et andet høit sig rekker,
Men, som i speileblank Indfatning, alle staae,
Og evig skillede ved Sjøens trange Grene,
Forgjæves stræbe sig indbyrdes at forene.

Der, Sild, din krumme Ryg mod Havet ud du
vender;
Hvor mangen Sjøemand har du favnet i dit Skjød!
Vee den, der ikke dig som Freiserinde kjender,
At han, naar udenfor ham truer visse Død,
Da kan, med revne Seil paa sønderbrudte Maste.
Sig gjennem Storm og Lyn i dine Arme kaste.

Og, skjønne Selløe! du som end dig modig
bryster
Af Kongedatteren som hos dig søgte Lye.
Saa længe Bølgen slaer, og Vinden Skove ryster,
Saa længe skal om dig bestaae et helligt Rye.
Nys til din kjendte strand mit Minde foer tilbage,
Da Synneve gjentog ved Skaldens Mund sin Klage.

(Marsvin = nise. Sild = Silda i Selje prestegjeld. Kongedatteren = St. Sunniva.)

Den gode hyrde og tigeren.

»Han skal være et motsigelsens tegn.«
Lukas 2, 34.

Således blev vår Herre Jesus Kristus kallet
straks etter sin fødsel, da den gamle Simeon
tok ham på sine arme og, fylt av Helligånden
spådde om ham.

Og sådan var han alle dager, så lenge han
gikk her på jorden, og det er han ennu den
dag i dag.

En gammel kjøbenhavnsk prest forteller:
»Ja, De kan tro, at den gang kirken var reist
herute i forstaden, da stod barometret på
storm. Nu er det jo ingen sak. Men den
gang var kristendommens forkjempere så få
og så små, og sosialdemokratene, som stod
i den første morgenkraft var nærmest hvit-
glødende i deres hat mot Kristus og kristen-
dommen.

Litt av deres følelser fikk også vi å merke.

Vår have var jo den gang ennu ikke vokset
op, og prestegården lå som en presenter-
bakke. Jeg turde ikke la mine barn gå i ha-
ven, for sten, råtne egg og kålstokker suste

om dem, så snart de viste sig. En dag blev der endog skutt efter mig, og en aften da min kone stod i kjøkkenet, kom der en stor brosten inn ad vinduet, for skjønt der var rullet ned, hadde de kunnet se hennes skygge på gardinet.

Sådan levet vi bokstavelig talt på feltfot, og da jeg begynte mine møter på Felleden, måtte jeg mange ganger leve for den garde, jeg hadde i de trofaste barn, der omgav mig og hang ved mig; jeg er viss på, at de mange ganger har beskyttet mig mot personlig overlast.

Imidlertid gikk arbeidet sin gang, ordets sed blev sådd, og det vendte ikke tomt tilbake.

Iblandt dem, der hørte den gode hyrdes røst og blev grepet av ordet, var en kvinne, som var gift med en av de sosialdemokratiske førere. Han var en rasende motstander av Jesus, og hun, ja, som de fleste sosialdemokraters hustruer, var hun i hvert fall absolutt ikke sosialdemokrat. Men syk og svak var hun, og derfor kom hun til den milde Frelser, der just kaller på dem, som lider.

En dag gikk jeg op for å besøke henne, som jeg ofte hadde gjort. Mannen var hjemme, og da han så mig, reiste han sig fra sofaen, hvor han hadde ligget og hvilt sig. Hvis et menneske kan ligne en tiger, så gjorde han det. Han kom hen imot mig, foroverbøiet som en katt, der har krummet sig til sprang. Hendene holdt han hevet, som om han hadde hvesset sine klør, og øinene stod stive i hodet på ham. Jeg stod urokkelig innenfor døren. Da han nådde mig hveste han: »Din sorte satan!« og i det samme slo han nevene i mig, grep mig i skulderen og satte mig ut under en strøm av eder og forbandelser.

Noen tid etter døde konen. Hun gikk hjem, med seier i troen på Jesu Kristi frelsende blod.

Så en aften et halvt års tid senere, banket det på min rute. Klokken var over elleve, og det var stummende mørkt utenfor. Da jeg gikk ut med lampen, stod han, min arge fiende, der ute i regn og blæst, og han så skamfull, elendig og medtatt ut.

Jeg bød ham innenfor, og snart satt han ved mitt skrivebord med rynket panne og et sky og skulende uttrykk. Han gjorde sin

stemme hård, og sa plutselig: »Hør, prest, er det synd å ta livet av sig?«

Innen jeg svarte herpå, sa jeg: »Tenker De på det?« — og så var isen brutt. Nu kunde han ikke mere. Den hårde skorpe smeltet, den sterke mann gråt som et barn. Han hadde ikke hatt en rolig time siden hans hustru var død. Ensom og forlatt følte han sig, koldt og uhyggelig var det hjemme. Hun som hadde vært hjemmets gode ånd, skjønt hun fikk utakk til lønn, var nu borte. Og mest av alt var han grepet av den seierskraft og herlighet, der hadde åpenbaret sig i hennes død.

Og så endte det med at vi to, presten og sosialistføreren, bøide kne med hinannen. Og snart blev han et troende menneske. Men hans tid blev ikke lang her på jorden. Han hadde fått et knekk for livstid ved sin hustrus død. Og kort tid efter kaltes han hjem til den evige hvile.

Den gode hyrde hadde seiret over tigeren.

Efter søgneprest *Fibiger*.

La Noreg bløma.

Jesus, la Noreg bløma for deg!
Me heilhuga beda vår frelsar.
Leid oss på rettferd og sannings veg,
til glad me i tru deg helsar!
Å, Jesus, la Noreg bløma.

Me treng ein ungdom med heilag mod,
med krossmerket reist yver yrket,
som ber yver landet det fagnad-bod:
Kristus vårt skjold og vår styrke!
Slik ungdom treng me i Noreg.

So ver då, unge, ei vardevakt,
å lysa kring fjell og kring strender,
som stend med Guds ord i evig pakt,
å helga heimlege grender!
Då byggjer i fred me Noreg.

